

**Møte onsdag den 2. oktober kl. 13.**President: **L a n g h e l l e.***Åpning av det 108. ordentlige Storting.*

Mottatt av den dertil oppnevnte deputasjon innfant Hans Majestet Kongen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen seg kl. 13 i Stortinget, ledsaget av Regjeringens medlemmer og en prosesjon av sivile og militære embetsmenn.

Hans Majestet Kongen leste opp følgende trontale:

Herr President, Folkets representanter.

Jeg hilser Stortinget velkommen til ansvarsfull gjerning og ønsker at den må bli til gagn for Fedrelandet.

Norge vil fortsatt arbeide for å styrke De forente nasjoner og for å gjøre verdensorganisasjonen til et stadig bedre redskap til å bevare freden i verden. Den enighet som er oppnådd om delvis stans i prøvene med atomvåpen, åpner nye muligheter for å nå fram til avspenning og fred. Norge vil arbeide for at disse muligheter blir utnyttet.

Gjennom FN vil Norge bidra til en fredelig omforming av tidligere kolonier til selvstendige stater og motarbeide enhver form for rasediskriminering.

Regjeringen vil utbygge samarbeidet med utviklingslandene.

Vår sikkerhet og fred vil fortsatt bli trygget ved medlemskap i NATO og ved å opprettholde vår forsvarsberedskap. Den fremlagte langtidsplan for forsvaret innebærer at tjenestetiden reduseres.

Norge vil gå inn for en friere verdenshandel, styrke samarbeidet i EFTA og arbeide for en tilnærming mellom EFTA-landene og det europeiske økonomiske fellesskap.

Regjeringen vil i sin økonomiske politikk ta sikte på full sysselsetting, sterk økonomisk vekst og en rettferdig fordeling så vel mellom yrkesgruppene som mellom distriktene. Undervisning, forskning, samferdsel og kraft- og industriutbygging vil bli gitt høy prioritet. Regjeringen vil legge stor vekt på tiltak som kan øke tempoet i distriktsutbyggingen. Det vil bli lagt fram proposisjon til en rammelov om det kredittpolitiske samarbeid. I forbindelse med inntektsoppgjørene i 1964 vil Regjeringen holde kontakt med arbeidslivets, jordbrukets og fiskernes faglige organisasjoner.

Det vil bli lagt fram proposisjon om øking av alders- og uføretrygdens satser fra 1. januar 1964.

Regjeringen vil foreslå en trygdeordning

for enker og enslige kvinner og for enslige mødre med små barn.

Det vil bli sendt Stortinget en melding om retningslinjene for gjennomføring av en pensjonsordning for hele folket.

Stortinget vil få melding om retningslinjene for utbygging av opplysningsarbeidet om edruskap, og om utbyggingen av det psykiske helsevern.

Regjeringen vil legge fram for Stortinget forslag til lov om fire ukers ferie.

Spørsmålet om en forkortelse av arbeidstiden vil bli utredet.

Arbeidet med å gjennomføre 9-årig folkeskole i hele landet vil bli fortsatt i høyt tempo, og det vil bli lagt stor vekt på å bygge ut de videregående skoler, universitetene og høyskolene. Det vil bli lagt fram en ny landsplan for yrkesopplæring.

Det vil bli foreslått opprettet et organ for langsiktig planlegging i undervisning og forskning.

Regjeringen vil legge fram forslag om styrking av lærerutdanningen og sette i verk tiltak som kan sikre tilgang av lærerkrefter til utkantstrøk og til små skoler.

Det vil bli fremmet forslag med sikte på at voksenopplæring skal sidestilles med vanlig skoleutdanning slik at adgangen til videre utdanning og kunnskapstilegnelse kan bli lettere. Det vil bli lagt vekt på utdanning som har betydning for de ansattes medbestemmelsesrett i bedriftene.

Arbeidet med å skape bedre vilkår for norske kunstnere vil bli ført videre.

Regjeringen vil fortsatt arbeide for å sikre fjellvidder, skog og strandstrekninger til ferie- og friluftsliv, og tar sikte på å legge fram for Stortinget forslag til lov om fjellplaner.

Regjeringen vil få utredet spørsmålet om en egen finansieringsordning for offentlig ervervelse av grunnarealer til utbygging av byer og tettgrender og for sikring av friluftsområder.

Husbankens utlånskvote vil bli foreslått økt slik at et større antall boligbygg kan bli satt i gang i 1964.

Det vil bli lagt fram for Stortinget en melding om jordbrukspolitikken. Rettleiingstjenesten vil bli foreslått utvidet med sikte på at flest mulig bruk skal få driftsplaner.

Jordbruksbankenes utlånskvote vil bli foreslått økt.

Retningslinjene for støttetiltakene til fiskeriene vil bli søkt innarbeidet i en hovedavtale mellom staten og Norges Fiskarlag. Fiskarbankens utlånsramme vil bli foreslått økt.

Regjeringen vil legge fram for Stortinget forslag til lov om statssekskapers organisasjon og om medbestemmelsesrett for de

ansatte i disse bedrifter. Den vil ta initiativ til forhandlinger mellom hovedorganisasjonene i arbeidslivet om medbestemmelsesrett for lønnstakere ved private bedrifter.

Jeg ber Gud signe Stortingets gjerning og erklærer Norges 108. ordentlige Storting åpnet.

Gitt på Oslo slott 27. september 1963.

Under Vår hånd og rikets segl

**OLAV**

(L. S.)

Statsråd Gjærevoll leste opp følgende melding om rikets tilstand og styring:

I samsvar med grunnlova gjev Kongen denne meldinga til Stortinget om Noregs rikets tilstand og styring i tida etter siste melding.

Noreg har gjennom Dei sameinte nasjonane og på andre måtar ført vidare sin politikk med sikte på å hjelpe til å byggje opp eit internasjonalt rettssamfunn og å utvikle fredeleg samarbeid mellom alle statar. Frå 1963 er Noreg innvald i Tryggingrådet i Dei sameinte nasjonane for ein to-årsperiode. Noreg har vori med på ei rekkje internasjonale konferansar, blant dei den 17. ordinære Generalforsamlinga og den ekstraordinære forsamlinga om finansiering av dei tiltak som Dei sameinte nasjonane har gjort til å halde oppe freden i Midaustlanda og Kongo. I samsvar med sitt ynske om at Dei sameinte nasjonane skal vere ein effektiv reidskap i fredens teneste har Noreg haldi fram å stø desse tiltaka aktivt. Både i Tryggingrådet og i Generalforsamlinga har Noreg søkt å medverke til at kolonistyret blir avvikla vidare i fredelege former med hjelp frå Dei sameinte nasjonane.

Avdelingar frå Hæren på om lag 500 mann held fram med tenesta si i dei vaktstyrkane Dei sameinte nasjonane har i Midaustlanda. I alt om lag 150 mann frå Forsvaret gjer teneste i Kongo med oppdrag frå Dei sameinte nasjonane.

Saman med Danmark, Finland og Sverige skreiv Noreg den 15. desember 1962 under ein avtale med Tanganyika om å skipe eit nordisk-tanganyikisk senter i Tanganyika. avtalen tok til å gjelde den 1. januar. Den 15. januar vart det underskrivi ein avtale med Danmark, Finland og Sverige om det nordiske samarbeidet i samband med gjennomføringa av Det nordisk-tanganyikiske prosjektet.

Med atterhald om ratifisering skreiv Noreg den 9. august i London, Moskva og Washington under Traktaten om forbod mot prøver med kjernefysiske våpen i atmosfæren, det ytre verdsrommet og under vatnet.

Noreg har vori med i arbeidet i Det europeiske frihandelssambandet, EFTA. Tollreduksjonane mellom medlemslanda utgjer no i alt 50 prosent. Medlemslanda har vorti samde om ei framskunda tollnedbygging, som vil føre til at tollsatsane innanfor Frihandelssambandet med visse unntak vil vere avskaffa ved utgangen av 1966.

Tingingane mellom Storbritannia og Det europeiske økonomiske fellesskapet om britisk medlemskap i Fellesskapet vart avbrotne den 29. januar. Av dette følgde at Noregs og andre EFTA-lands tingingar med Fellesskapet heller ikkje vart førte vidare.

Noreg har vori med i den 15. sesjonen i Den internasjonale kvalfangstkommissjonen, der det m. a. vart vedteki at den totale kvalfangstknoten for fangstbolken 1963—64 skulle reduserast frå 15 000 til 10 000 blåkval-einingar. Saman med Japan, Nederland, Sovjet-samveldet og Storbritannia har Noreg dessutan utarbeidd teksten til ein avtale om ei internasjonal observatørordning for kvalfangsten i Antarktis. Ein reknar med at avtalen blir underskriven med det første.

Noreg har stelt seg positivt til det arbeid som går for seg innanfor ramma av Generalavtalen for tolltariffar og handel (GATT), og har også sjølv teki steg til å lette handelsproblema for utviklingslanda. Som ein lekk i arbeidet for å fremje kommersiell hjelp til utviklingslanda har Garanti-instituttet for eksportkreditt fått løyve til å yte garanti på særleg gode viklår ved eksport til og investeringar i utviklingsland. Ramma for garantiansvaret er sett til i alt 150 mill. kroner, av dei opp til 50 mill. kroner for investeringsgarantiar.

Den 21. juni i år vart det gjevi ei lov om utforsking og utnytting av undersjøiske naturførekomstar, som skal tryggje at den såkalla kontinentalsokkelen i Nordsjøen blir utnytta i samsvar med norske interesser. Ei rekkje oljeselskap driv for tida undersøkingar for å finne ut om det finst olje eller naturgass i den norske delen av kontinentalsokkelen.

Reinbeitekonvensjonen mellom Noreg og Sverige, som i 1961 vart oppsagd frå norsk side frå 31. desember 1962, har vorti lengd til 1. juni 1966.

Som ei følgd av utbygginga av Pasvikvassdraget er den delen av riksgrensa som går i vassdraget, nymerkt i samarbeid med Sovjet-samveldet.

Forsvaret er oppsett og vernebudd i samsvar med dei rammer Stortinget har gjevi. Med stortingsmelding nr. 84 for 1963 er det dregi opp hovudretningslinene for ein ny

langtidsplan for Forsvaret. Det nye hovedkvarteret for den øvste militære leiinga i Nord-Noreg er i verksemd. Framdrifta av den vedtekne flåteplanen har følgd det oppsette programmet. Ein del nytt materiell er motteki under Våpenhjelpa, bl. a. 1 skvadron jagerfly.

Folkemengda var 3 676 000 pr. 1. oktober 1963, dvs. ikkje fullt ein prosent større enn på same tid i fjor.

Arbeidsmarknaden har særleg i sommar vori temmeleg stram med skort på arbeidskraft i mange yrke. Som ei følgd av den uvanleg strenge vinteren var arbeidsløysa i januar og februar noko høgre enn vanleg. Utover våren og sommaren var det ein sterk auke i sysselsetjinga og nedgang i arbeidsløysa. Ved utgangen av juli var det sysselsett vel 7 000 fleire lønnstakarar enn på same tid året før. Auken fall hovudsakleg på tenesteningane og anleggsverksemda. Ved utgangen av juli var det meldt 7 200 arbeidslause, 1 100 fleire enn eitt år tidlegare.

Den samla produksjonen av varer og tenester i 1963 vil bli om lag 4 prosent større enn i 1962, så langt ein på dette tidspunktet kan vurdere utviklinga.

Oppgåvene over varebyttet med utlandet viser at verdet av innførsla utanom skip i dei åtte første månadene av 1963 var nær 7,0 milliardar kroner, eller 295 mill. kroner meir enn i same tidsrom i fjor. Verdet av vareutførsla utanom skip var om lag 4,6 milliardar kroner eller 290 mill. kroner meir enn i dei same månadene i fjor. I mengd auka utførsla noko meir enn verditala gjev uttrykk for, sidan prisane gjennomsnittleg var 3 prosent lågare i første halvår i år enn i fjor. Importprisane viste ingen særlege endringar. Nettoinnførsla av skip steig med 517 mill. kroner.

I dei sju første månadene av året var nettovalutainntektene av norske skip i utanriksfart 2 025 mill. kroner, eller 155 mill. større enn i same perioden i fjor. Underskottet på driftsrekneskapen med utlandet var på 1 130 mill. kroner, dvs. 295 mill. kroner større enn i dei første sju månadene av 1962. Netto-valutamengda auka med 246 mill. kroner i januar—juli i år.

I jordbruket vart årsvokstere jamt over betre i 1963 enn året før. Ein ventar at husdyrproduksjonen i alt blir noko mindre i 1963 enn i 1962. Helsetilstanden hos husdyra er god.

I skogbruket vart det i hogsttida 1962—63 etter førebels oppgaver avverka om lag 6,3 mill. kbm bartretømmer og om lag 340 000

kbm lauvtretømmer. Dette er om lag like mykje lauvtretømmer som vart avverka året før, men 500 000 kbm mindre bartretømmer enn i 1961—62.

Utbyttet av fisket i første halvår 1963 var om lag 538 000 tonn mot 439 000 tonn i same tidsrommet i 1962. For dei fleste fiske-slag har det hittil i år vori ein auke i fangstutbyttet, men både skreifisket og vintersildfisket gav dårlegare resultat i 1963 enn i 1962.

Kvalfangsten i Antarktis gav i fangstbolken 1962—63 eit langt mindre utbytte enn i førre fangstbolken. Produksjonen av kval- og spermolje gjekk ned med om lag 60 prosent.

I bergverk, industri og kraftforsyning var produksjonen i dei sju første månadene i år 5 prosent større enn i same tidsrom i fjor. Produksjonsauken frå 1962 var størst i heimeindustrien med 5,5 prosent. For utførsleindustrien var stinginga bortimot 3 prosent. Auken i utførsleindustrien var størst for tresliperia og papirfabrikkane, olje- og feittindustrien, medan det var produksjonsnedgang for bl. a. hermetikkfabrikkane. Elektrisitetsproduksjonen var i dei sju første månadene i år 4,5 prosent større enn i den tilsvarende perioden i fjor.

Byggjeverksemda har hatt noko større omfang i 1963 enn i 1962. Arealet av bygg i arbeid var i medeltal for dei sju første månadene i år vel 2,5 prosent større enn i same tidsrom i fjor. Arealet av igangsette bygg var derimot 5 prosent mindre enn i fjor, og arealet av bygg som vart tekne i bruk, gjekk ned med 10 prosent. Talet på ferdigbygde husvære i dei same månadene var 14 900 eller 500 mindre enn i fjor.

I anleggsverksemda var sysselsetjinga i januar—juli i år gjennomsnittleg 3,5 prosent større enn i den tilsvarende perioden i 1962.

Handelsflåten auka med 0,6 mill. bruttotonn i første halvår 1963, og var på 13,1 mill. bruttotonn pr. 30. juni 1963. Størsteparten av tilgangen var tørrlasttonnasje. Pr. 30. juni var det under bygging eller tinga for norsk rekning skip på i alt 4,1 mill. bruttotonn, dvs. litt meir enn på same tid året før. Av dei skipa som vart tinga, var 3,5 mill. bruttotonn tanktonnasje. Fraktene på verdsmarknaden gjekk i første halvåret 1963 noko opp både for tørrlastskip og tankskip, men låg framleis på om lag same låge nivået som i dei fem siste åra. Pr. 31. august låg det i opplag norske skip på i alt 100 000 bruttotonn, for det meste tankskip. På same tid året før var den norske opplagstonnasjen på 400 000 bruttotonn, også da for det meste tanktonnasje.

Den innenlandske samferdsla har auka i 1963 òg. Ved utgangen av 1962 var bilparken på om lag 446 000 vogner, og det svarar til vel 8 innbyggjarar pr. vogn. Talet på nyregistrerte vogner i tida januar—juli 1963 var 42 825 mot 43 122 i same tid i fjor. Lengda av det offentlege vegnettet er om lag 53 300 km. Gjøvikbanen vart opna for elektrisk drift på strekninga Jaren—Eina 17. februar og Eina—Gjøvik 21. august. Jernbanetransporten ligg stort sett på same nivå som i 1962. Kyst- og lokalrutene går etter om lag same plan som i 1962, og ferdsla er om lag som i fjor. Stamflyruta på Nord-Noreg vart 4. mai lengd til Kirkenes. Den innanlandske flytrafikken auka i januar—mai 1963 med 28 prosent i høve til same tidsrommet i 1962.

Netttilgangen på telefonapparat ved anlegga til Telegrafverket var 28 800 i tida 1. juli 1962 til 30. juni 1963 mot 32 500 i perioden før. I desse tala er ikkje medrekna apparat som er tekne over ved tilknytningsnett og frå private selskap.

Konsumprisindeksen låg jamt over for dei første åtte månadene 3,5 prosent høgre enn i den tilsvarende perioden i fjor. I 1963 har konsumprisindeksen variert lite, og indeksen pr. 15. august låg ikkje nemnande over nivået i januar.

Engrosprisindeksen låg jamt over for dei første åtte månadene 0,9 prosent høgre enn i den tilsvarende perioden i fjor.

Når det gjeld utviklinga i dei private inntektene i 1963, har ein enno lite å halde seg til. Førebels utrekningar tyder på at dei samla lønstakarinntektene før skattelegging har gått opp med ikring 6 prosent frå første halvår 1962 til same tid i år. Den private disponible realinntekta vil så vidt ein no kan dømme, auka med 3,5—4 prosent frå 1962 til 1963.

Det private forbruket var i første halvår etter førebels utrekningar ikring 3 prosent større enn i tilsvarende periode i 1962. Det vil venteleg bli like sterk auke i det private forbruket i heile 1963.

Bruttoinvesteringane i fast kapital vil i 1963 bli noko større enn i 1962. Investeringane i skip var i første halvår om lag 25 prosent høgre enn i same tidsrom i fjor. For heile 1963 vil bruttoinvesteringane i fast kapital så langt ein no kan dømme om det, auke med rundt 5 prosent.

Kredittpolitikken har i år òg bygd på avtalar med kredittinstitusjonane om at utlånsauken ikkje skal gå over fastsette maksimumssummar, og om ein bestemt minsteauking av partialobligasjonsforråda. I tillegg til dei utlånstaka som er fastsett i avtalen er

kredittinstitusjonane oppmoda til å vera varsame med å gje nye lovnader om lån som kan låse fast kredittvolumet for lengre tid framover.

Forutan bankar og livstrygdslag gjeld avtalane i år også Fellesordninga for tariff-festa pensjon.

Finanspolitikken vart lagt opp etter same retningslinene som i 1962, men vil likevel koma til å verke meir ekspansivt på grunn av ymse tilleggsøyvingar. I de 8 første månadene har staten teke opp monaleg større lån enn i same tid i fjor. Likviditetsinndraginga frå bankar og publikum har alt i alt vori noko mindre enn i same perioden i fjor.

Kommunane står seg framleis bra, men har enno store, uløyste oppgaver. For budsjettåret 1964 er det brukt 153 mill. kroner til kommunal skatteutjamning. Av dei er 43 mill. kroner fordelte særskilt som tilskott til vegutgiftene i landdistrikta.

Alkoholforbruket var i 1962 3,54 liter rein alkohol rekna pr. innbyggjar på 15 år og over, mot 3,60 liter i 1961. Talet på drukkenskapsmisferder var i 1962 31 399. Det er 1,7 prosent færre enn i 1961. Pr. 1000 innbyggjarar på 15 år og over blir det 11,5 misferder mot 11,9 i 1961.

Ytingane etter lov om barnetrygd og lov om yrkesskadetrygd er auka.

Det er vedteki ei ny lov om forsytartrygd for born.

Pensjonane i pensjonstrygdene for sjømenn og for fiskarar er auka.

Sjuketrygdlova er endra slik at ramma for stønad er utvida.

Det er sette i verk ein ny tilskotsordning for daginstitusjonar for born.

Tilskota frå stat og trygdekasse til husmorvikarar og heimesjukepleiarar er auka.

Det har i året ikkje vori alvorlege farangar av farlege smittsame sjukdommar. Ulykker spelar ei stor rolle som dødsårsak i dei yngre årsklassene.

Talet på dødsfall i spedbarn-alderen går framleis nedover. Noreg har f. t. den høgste levealderen i verda.

Med heimel i lov av 8. januar 1960 om utdanning og offentlig godkjenning av sjukepleiarar har Sosialdepartementet fastsett nye vilkår for offentlig godkjenning av læreanstaltar til utdanning i vanleg sjukepleie. Departementet har fastsett plan for opplæring av hjelpepersonale i sjukepleie. Vidare har departementet fastsett nye vilkår for offentlig godkjenning av spesialskolar i psykiatrisk sjukepleie og fastsett plan for opplæring av hjelpepersonale i psykiatrisk sjukepleie.

1963. 2. okt. — Åpning av det 108. ordentlige Storting.

Det blir i år teki i bruk om lag 500 nye sjukehussenger. Hertil kjem ca. 300 nye plassar i psykiatriske sjukehus og sjukeheimar, og om lag 400 nye plassar under åndsveikeomsorga.

I kyrkja er det no 1011 prestestillingar. Det er i år gjevi løyve til å byggje 7 kyrkjer og kapell.

I folkeskolen og framhaldsskolen har elevtalet vori 484 000. I 71 kommunar var det forsøk i gang med 9-årig skole i siste skoleåret, medan talet for dette skoleåret er om lag 100.

Spesialskolane hadde i skoleåret 1962—63 2 614 elevar. I Stavanger er det sett i gang ein ny spesialskole for evneveike elevar og i Fauske ein ny skole for gutar med tilpassingsvanskar.

I realskolar og gymnas var det vel 103 000 elevar i 1962—63, av dei 33 800 gymnaselevar. Ved handelsgymnasa var elevtalet vel 3 400. I vår gjekk om lag 19 700 opp til realskoleeksamen, 9 800 til examen artium og om lag 800 til eksamen ved økonomisk gymnas.

Elevtalet i folkehøgskolen var om lag 7 000, av dei 5 500 på hovudkursera.

I den vanlege lærarskolen var elevtalet 4 700 og ved faglærarskolane 620. Frå lærarskolane vart det i vår uteksaminert 1 635 lærarar. I skoleåret 1963—64 har dei vanlege lærarskolane i alt 5 380 elevar og faglærarskolane 870. Det er sett i gang to nye lærarskolar, ein i Halden og ein på Notodden.

I yrkesskolane for handverk og industri er talet på heilårselevar no om lag 11 000. Yrkeskolar for handel og kontorarbeid har i dette skoleåret om lag 6 000 elevar i lærlingskolen, og i dei skolane som driv etter gammal ordning, er det om lag 11 000 elevar.

I husmorskolane er det om lag 3 600 elevar ved halvårskurs og 300 ved heilårskurs.

Ved dei tekniske skolane er elevtalet no 1 850.

Talet på lærlingar med lærekontrakt etter lærlinglova for handverk og industri er om lag det same som året før, medan talet for handel og kontorfag har auka med nesten 40 prosent.

Studenttalet ved universiteta og høgskolane har auka med meir enn 1000 og var i 1962—63 12 500.

Universitetet i Oslo har no teki i bruk andre delen av nybygget for Det historisk-filosofiske fakultet, og administrasjonsbygget er snart fullført. I Bergen er det i haust for før-

ste gong skipa til undervisning i prekliniske fag for medisinske studentar. Noregs handelshøgskole har teki i bruk nybygget sitt i Breiviken frå i haust.

Nordisk institutt for sjørett er opna som det første fellesnordiske institutt i Noreg.

Byggjeverksemda har vori stor når det gjeld bygg til undervisningsføremål. I sommar var det under reising bygg med ei samla golvflate på om lag 600 000 m<sup>2</sup>. I 1963 er det under oppføring over 1 000 bustader for studentar ved universiteta og høgskolane.

Statens lånekasse for studerande ungdom hadde 1. juli i alt om lag 56 200 låntakarar. Lånesummen var 362 mill. kroner, ein auke på 64 mill. kroner frå året før. I skoleåret 1962—63 vart det i statsstipend delt ut om lag 28,5 mill. kroner til om lag 32 000 elevar og studentar. I tillegg kjem 10 mill. kroner i stipend av Arbeidsløysetrygda.

Det er sett i verk ny stipendordning for kunstnarar.

Teatra har hatt eit godt arbeidsår med mange framsyningar og auka publikumsinteresse. Den Norske Opera har auka talet på framsyningar.

Det er teki i bruk 19 nye samfunnshus, 5 idrettshallar, 10 symjeanlegg og 26 utandørs idrettsanlegg.

12 ungdomsorganisasjonar har fått stønad til instruktørverksemd.

Arbeid er sett i gang med registrering av fornminne over heile landet.

To større område i Rondane og Børgfjell er freda etter lov om naturvern.

Presidenten mottok på Stortingets vegne de oppleste dokumenter og uttalte:

Deres Majestet!

Deres Kongelige Høyhet!

Det 108. ordentlige Storting som i dag er åpnet, vil få mange og store oppgaver å løse.

Den norske stats virkefelt er videre enn i tidligere tider. Staten har fått et større ansvar. Med Stortingets sentrale plass i vårt statsliv har det ført til en større arbeidsbyrde for nasjonalforsamlingen.

Det omfattende internasjonale samarbeid som vårt land deltar i, reiser problemer og stiller krav til oss. Vårt medlemskap i De forente nasjoners sikkerhetsråd legger særlige forpliktelser på oss. At det synes å ha åpnet seg muligheter for avspenning i den internasjonale politikk, hilser vi med glede. Det er

en nasjonal interesse at vårt land så langt det evner, yter sitt bidrag til at disse muligheter kan bli utnyttet. I disse bestrebelse kan Kongen og hans råd alltid regne med Stortingets medvirkning. Fred er selve vilkåret for det byggende arbeid i vårt eget land.

Det blir de hjemlige oppgaver som vil kreve mest arbeid og tid. De spenner over et vidt felt i det moderne samfunn. Løsningen av dem vil få betydning for vesentlige deler av samfunnslivet. Det er ett mål som er felles for oss alle: landet må bygges videre ut — økonomisk, sosialt og kulturelt. Om fremgangslinjer og midler kan meningene i den enkelte sak komme til å være delte. Det er naturlig i et politisk demokrati. Respekt for andres mening er en del av den demokratiske kultur som vi alle ønsker skal prege Stortingets arbeid.

Deres Majestet uttalte i trontalen det ønske at Stortingets gjerning må bli til gagn for fedrelandet. Dette ønske deles av representantene. Skal det oppfylles, vil det kreves evne til arbeid og samarbeid. I tillit til at Stortinget og hver enkelt representant vil gjøre sitt til å løse de oppgaver som vi er kalt til å løse, samler vi oss i det gamle ønske:

Gud bevare Kongen og Fedrelandet!

Dette ønske istemte Stortingets øvrige medlemmer.

Hans Majestet Kongen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen med følge forlot deretter Stortinget, ledsaget av den deputasjon som hadde fungert ved mottagelsen.

**Presidenten:** Presidenten foreslår at Hans Majestet Kongens tale og beretningen om rikets tilstand og bestyrelse utlegges for behandling i et senere møte. — Dette forslag anses bifalt.

Møtet hevet kl. 13.25.

**Møte torsdag den 3. oktober kl. 10.**

President: Langhelle.

**Dagsorden:**

1. Valg av 3 medlemmer av valgkomiteen (tidligere medlemmer Bondevik, Granum og John Lyng).

2. Valg av 1 medlem av fullmaktskomiteen (tidligere medlem Leiro).
3. Erklæring fra den nye regjering.
4. Referat.

Statsråd Cappelen overbrakte 3 kgl. proposisjoner (se under Referat nr. 8, 10 og 11).

**Presidenten:** Fra statsministeren foreligger følgende skriv, datert Oslo, den 27. september 1963:

«Stortingets presidentskap.

En har mottatt underretning om at åpningen av det 108. ordentlige Storting vil finne sted onsdag 2. oktober.

Etter bevilgningsreglementets § 2 skulle da forslaget til statsbudsjett for terminen 1964 senest overleveres Stortinget mandag 7. oktober.

På grunn av de særlige forhold i forbindelse med regjeringsskiftet, vil det imidlertid ikke bli mulig å fremlegge budsjettet før onsdag 9. oktober.

Einar Gerhardsen.»

Presidentskapet foreslår:

Under henvisning til bevilgningsreglementets § 1, jfr. § 2, samtykker Stortinget i at statsbudsjettforslaget for terminen 1964 fremlegges for Stortinget først onsdag den 9. oktober.

**Votering:**

Presidentskapets forslag bifaltes enstemmig.

**Sak nr. 1.**

*Valg av 3 medlemmer av valgkomiteen (tidligere medlemmer Bondevik, Granum og John Lyng).*

**Presidenten:** Til medlemmer av valgkomiteen foreslås valgt representantene Bondevik, John Lyng, og Ingvaldsen.

**Votering:**

Presidentens forslag bifaltes enstemmig.

**Sak nr. 2.**

*Valg av 1 medlem av fullmaktskomiteen (tidligere medlem Leiro).*

**Presidenten:** Til medlem av fullmaktskomiteen foreslås valgt representanten Leiro.

**Votering:**

Presidentens forslag bifaltes enstemmig.